

Balladen om Jo Jamt

Frå romanen Rasmus Rebellen – Øystein Orten 2013



Hei, vil du høyre ein liten låt
Om bonden som ikkje frykta gråt

Ein gong sa presten ifrå kyrkjekor
Guten din, Jo, han har drive hor
Barnet til vesle Dalemøy
Det er løna for leik i hø



Men jamten Jo skjelte presten ut
Han spytta på lensmann og slo etter fut

Så tvinga han til seg eit belte av sølv
Og batt det rundt vomba han hadde sjølv
Hei hå, sa jamten, kor livet går
Friare enn fuglen eg her eg står

Under tinget på Stranda i nittini
Greip jamtehøvdingen breiøksa si

Då futen han refsa dei alle mann
Stakk jamten Jo brystkassa fram



Men futen knekte alle spyd
Dei blanke våpen, ja, bondens pryð

Og jamten han ropte:

Bryt du verjene sund
Heilt utan grunn

Det er min fulle rett, sa Jakob
Når plikta er slett

Og jamten han ropte:

Då skal du sanneleg straffa di få
Sju tusen djevlar du snart skal sjå

Så sprang han og hogg etter Jakob fut
Og mannen han bykste frå ringen ut

...

Og futen fekk flengjer i broka si
Steinane hagla, ryggen fekk svi

Men Jakob han snubla i kvar ein fot
For jamten han låg under bjørkerot

Og jamten han ropte:

Kvar er makta di, Jakob
Du treng henne no

Snart drep eg deg
Hjartet skal få ein kniv i seg

Og når du til helvete straks når fram
Hugs å gje mor di ein dugeleg dram

Så jaga han futen frå fjell til fjord
Og Jakob han rodde seg heim og nord
Hei hå, sa jamten, kor livet går
Friare enn fuglen eg her eg står



Men snart kom soldatar og henta han
Det hjalp ikkje same kor sønene vann

I lenker han reiste til Bjørgvin stad
Bra nok, sa futen, så blir eg glad

...

Og Kongen han rei seg til Herredag
Han spurde om jamten vel bar nag

Basta og bunden i Bergenhus
Ikkje meir verd enn ei lita lus

Men jamten han ropte:

Nei, det eg har gjort er mindre enn lort
Å, svarte Kongen, det trur eg'kje stort

Til døden eg dømer, ja slik dei vart
Dei fine orda hans Kristian Kwart

...

Om morgonen stod Kongen på Tjuvens plass
Han helste på Jamten med øl i glas

Men jamten Jo fekk ein kagge med vin
Slik skulle han smile seg glad og fin



Så svingde dei øksa, tok handa fyrst
Og jamten han bad om ein tår for tyrst

Og blodet spruta og folket rein
Så Kongen han tagde og rakkaren grein



Då hovudet fall tømde Kongen sitt glas
Men reid fyrst bort då lemer fekk knas

Og skolten framleis på kjeppen der står
Hei hå, seier jamten, kor livet går
Friare enn fuglen eg her eg står
Friare enn fuglen eg her eg står

